



DET KONGELEGE  
FORSVARSDEPARTEMENT

# St.prp. nr. 13

(2002–2003)

## Om endringer i løyvingar mv. i forsvarsbudsjettet for 2002

*Tilråding frå Forsvarsdepartementet av 8. november 2002,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Bondevik II)*

### 1 Formål og hovudoversikt

#### 1.1 Formål

I denne proposisjonen legg Regjeringa fram forslag om visse endringar i løyvingar i forsvarsbudsjettet for 2002 for å skape samsvar mellom løyvingane under dei einskilde kapittel og postar og dei endringane i budsjettføresetnader som har skjedd sidan forsvarsbudsjettet for 2002 vart utarbeid.

Saker Stortinget bør informerast særskilt om vert omtala under denne delen av proposisjonen (Formål og hovudoversikt). Endringane på kapittel/post kjem fram under vedtaksdelen.

#### 1.2 Omgruppering: Forhold som endrar ramma for 2002-budsjettet

##### 1.2.1 Nedtrekk grunna meirforbruk i 2001

Avslutninga av rekneskapa for 2001 synte eit meirforbruk under:

1. Kap 1791 Redningshelikoptertjenesten, post 01 på 18,022 mill. kroner.

Totalt meirforbruk var på 18,022 mill. kroner og vert dekkja ved at ramma for 2002 vert foreslått redusert tilsvarende.

##### 1.2.2 Netto meirinntekter i 2002

I forhold til vedtatt budsjett 2002 er det ei netto meirinntekt (brutto meirinntekter minus mindreinntekter) på 112,543 mill. kroner som er foreslått til lagt utgiftssida.

#### 1.3 Det økonomiske grunnlaget for omgrupperinga

##### 1.3.1 Økonomisk grunnlag

Grunnlaget for omgrupperingane er vedtekte budsjett for 2002 tillagt seinare endringar gjort av Stortinget, fullmakter gitt av Stortinget til Finansdepartementet som ikkje kjem fram som løyvingensendring under dei einskilde departementa og midlar ført over frå 2001. Det er òg teke omsyn til Forsvarets del av lønnskompensasjon for 2002 som var på 332,670 mill. kroner.

I 2002 er det for forsvarsbudsjettet sett i verk faktiske endringar i løyvingar ved følgjande:

- Stp.prp. nr. 1 (2001–2002) *Statsbudsjettet medregnet folketrygden*, B.-innst. S. nr. 1 (2001–2002) medførte en reduksjon på 20,071 mill. kroner
- St.prp. nr. 39 (2001–2002), *Finansiering av norsk militær deltakelse i Afghanistan, nasjonale sikringstiltak mot terrorisme og etablering av diplomatisk nærvær i Kabul*, jf. Innst. S. nr. 119

## Om endringer i løyvingar mv. i forsvarsbudsjettet for 2002

- (2001–2002), medførte å auka utgiftsramma med 545,932 mill. kroner.
- St.prp. nr. 55 (2001–2002), *Gjennomføringsproposisjonen – utfyllende rammer for omleggingen av Forsvaret i perioden 2002–2005*, jf. Innst. S. nr. 232 (2001–2002), medførte å auka utgiftsramma med 1 043,082 mill. kroner.
  - St.prp. nr. 69 (2001–2002), *Om endringer i »Regulativ for tillegg m.v. til utskrivne vernepliktige mannskap*, jf. Innst. S. nr. 249 (2001–2002), medførte å auka utgiftsramma med 20,120 mill. kroner.
  - St.prp. nr. 63 (2001–2002), *Tilleggsbevilgninger og omrioriteringer i statsbudsjettet medregnet folketrygden 2002*, jf. Innst. S. nr. 212 (2002–2003), medførte å redusere utgiftsramma med 40,701 mill. kroner.
  - St.prp. nr. 80 (2001–2002), *Om Finansiering av norsk militær deltakelse i Afghanistan*, jf. Innst. S. nr. 6 (2002–2003), medførte å auka utgiftsramma med 300 mill. kroner.

Tabell 1.1 Faktisk løyving på utgiftssida før omgruppering 2002 kjem fram slik (i 1 000 kroner):

Vedtatt budsjett 2002 .....	27 656 918
B.-innst. S. nr. 1 (2001–2002) .....	-20 071
Innst. S. nr. 119 (2001–2002) .....	545 932
Innst. S. nr. 232 (2001–2002) .....	1 043 082
Innst. S. nr. 249 (2001–2002) .....	20 120
Innst. S. nr. 212 (2001–2002) .....	-40 701
Innst. S. nr. 6 (2002–2003) .....	300 000
= Faktisk løyving før omgruppering ...	29 505 280
Middel ført over frå 2001 .....	1 789 609
Lønnskompensasjon for 2002 .....	332 670
Disponible midlar i 2002 før omgruppering .....	31 627 559

Tabell 1.2 Disponibel løyving på inntektssida før omgruppering 2002 kjem fram slik (i 1 000 kroner):

Vedtatt budsjett 2002 .....	724 797
= Løyving før omgruppering .....	724 797

Tabell 1.3 Løyvingsbehov på utgiftssida i samband med omgrupperingsproposisjonen vert slik (i 1 000 kroner):

Nedtrekk grunna meirforbruk i 2001 .	-18 022
Auke på utgiftssida grunna meirinntekter førte til utgiftssida .....	112 543
= Sum behov ved omgrupperinga .....	94 521
+ Løyving før omgruppering .....	29 505 280
= Total løyving etter omgrupperinga .	29 599 801
= Totalt disponibelt etter omgrupperinga .....	31 722 080

Tabell 1.4 Løyvingsbehov på inntektssida i samband med omgrupperingsproposisjonen vert slik (i 1000 kroner):

Løyving før omgruppering .....	724 797
Netto meirinntekter .....	112 543
= Sum behov ved omgrupperinga .....	837 340

Departementet foreslår på denne bakgrunnen, under forslag til vedtak, at løyvingane vert auka med 94,521 mill. kroner på utgiftsramma og med 112,543 mill. kroner på inntektsramma.

### 1.3.2 Utgifter

Tala i tabellane nedanfor syner netto endringar på dei ulike postane. Utgiftstabellen er inklusiv fordeling av netto meirinntekter.

Tabell 1.5 (i 1 000 kroner)

Post	Formål	Mindreutg - Meirutg +
01	Driftsutgifter .....	522 794
21	Spesielle driftsutgifter .....	14 340
43	Til disposisjon for Forsvarsdepartementet .....	-10 000
44	Fellesfinansierte bygg- og anleggsarbeid .....	-50 000
45	Store nyskaffingar .....	-226 806
47	Nye bygg og anlegg .....	-19 251
48	Fellesfinansierte bygg og anleggsarbeid .....	-125 000
50	Overføringer til statsinstitusjonar .....	54 000
51	Tilskot til Forsvarets forskingsinstitutt .....	444
75	Fellesfinansierte bygg- og anleggsarbeid .....	-65 000
90	Lån til private .....	-1000
Sum	.....	94 521

### 1.3.3 Inntekter

Tabell 1.6 (i 1 000 kroner)

Post	Formål	Mindreinnt - /Meirinnt +
01	Driftsinntekter .....	175 637
45	Store nyskaffingar .....	31 194
47	Sal av eigedom .....	-20 000
48	Fellesfinansierte bygg- og anleggsinntekter .....	-125 000
49	Sal av bustader .....	49 364
70	Renter låneordningen .....	475
90	Lån til boligformål .....	873
Sum	.....	112 543

## 2 Hovudtrekk i Tilleggsløyvingane og omdisponeringane og forklaringar på dei største utgifts- og inntektsendringane på postnivå

### 2.1 Utgifter

#### 2.1.1 Post 01 Driftsutgifter

Postane 01 er foreslått auka med 522,794 mill. kroner. Auken gjeld følgjande:

- 123 mill. kroner er ei teknisk omdisponering av midlar frå investering til drift for kostnader til Program GOLF.
- 176 mill. kroner i meirinntekter – i hovudsak på kap 1792 Norske styrkar i utlandet, 155 mill. kroner.
- 135 mill. kroner er midlar foreslått flytta til hhv Luftforsvaret (100 mill. kr) og Sjøforsvaret (35 mill. kr) for oppfylling på drivstofflager.
- ca. 164 mill. kroner er tilført dei einskilde kapitla til dekking av husleige til Forsvarsbygg. Bakgrunnen for dette er ei feilkalkulering på budsjettidspunktet av talet på personar som skulle flyttast frå den lokale forvaltningsmyndighet og til det nye Forsvarsbygg. Dette førte til ein for lav tilførsel av midlar til avdelingane for dekking av fakturering frå Forsvarsbygg.
- 10 mill. kroner er tilført frå post 43 til disp for FD – til delvis dekking av meirutgifter ved berekning av ny husleige til Forsvarsbygg.
- reduksjon på 54 mill. kroner som er foreslått tilført post 50 til avgangsstimulerande tiltak.
- reduksjon på 14 mill. kroner som er foreslått tilført FO til dekning av økt driftsbehov.
- reduksjon på 18 mill. kroner som er tilbakeført statskassen grunnet overskriddingar i 2001.

Ellers er det gjort omdisponeringar mellom kapittel/postar basert på analysar og vurderingar inkludert prognosar for inneverande års forbruk. Følgjande vesentlege endringar er gjort på dei einskilde kapitla:

#### Kap 1700 Forsvarsdepartementet

Posten er foreslått auka med netto 7,8 mill. kroner på post 01. Auken skal dekka utgifter til sanitær-anlegg for handikappa på Akershus festning, brannprosjekt i departementet sine bygningar og auka utgifter i samband med overgang til husleigeordninga i Forsvaret.

#### Kap 1719 Fellesutgifter og tilskot til foretak under Forsvarsdepartementet

Posten er foreslått redusert med 5 mill. kroner som er flytta til kap 1700 Forsvarsdepartementet til dekning av meirbehov ved ny berekning av husleige til Forsvarsbygg.

#### Kap 1720 Felles leiing og kommandoapparat

Posten er foreslått redusert med 45,2 mill. kroner. Reduksjonen skuldast først og fremst midlar flytta til kap 1725 for brukarbetaling til Akershus kommandantskap/Regional støttefunksjon/Oslo i samband med overflytting av forvaltningsansvaret for vernepliktige, og midlar omdisponerte til ei rekkje kapittel i samband med ny berekning av husleige til Forsvarsbygg.

#### Kap 1723 Sikringstenesta

Posten er foreslått auka med 12,3 mill. kroner som i hovudsak gjeld dekking av diverse tilleggsoppgåver i samband med rolla som nasjonal sikringsmyndighet, omdisponering av overførte midlar frå 2001 til sikringstenesta og i samband med ny berekning av husleige til Forsvarsbygg.

#### Kap 1725 Fellesinstitusjonar og -utgifter under Forsvarets overkommando

Posten er foreslått redusert med 57,7 mill. kroner på post 01. Reduksjonen skuldast ei rekkje omdisponeringar til og frå kapitlet i samband med ny berekning av husleige til Forsvarsbygg, at kapitlet har overteke ansvaret for forvaltning av vernepliktige på austlandet ved Akershus kommandantskap/Regional støttefunksjon og overføring av midlar til kap 1720 for restfinansiering av Forsvarets overkommando og Forsvarets fellesoperative hovedkvarter.

#### Kap 1731 Hæren

Posten er foreslått auka med 58,5 mill. kroner. Auken skuldast i all hovudsak at kapitlet er tilført 105 mill. kroner i samband med berekning av ny husleige til Forsvarsbygg og 30 mill. kroner i samband med oppretting av ny landsdelskommando Sør-Noreg. Samtidig er kapitlet redusert med 54 mill. kroner som er omdisponert til kap 1725 Akershus kommandantskap/Regional støttefunksjon i samband med overtaking av forvaltning av vernepliktige på austlandet.

### *Kap 1732 Sjøforsvaret*

Posten er foreslått auka med 105,2 mill. kroner på post 01. Auken skuldast i hovudsak at kapitlet er tilført 43 mill. kroner i samband med berekning av ny husleige Forsvarsbygg, 35 mill. kroner til kjøp av drivstoff, 10 mill. kroner til naudsynte meirutgifter for strøm og steam til fartøya ved basane, 6 mill. kroner som er omdisponerte lønnsmidlar frå Kystvakta til FLO/Sjø, 10,5 mill. kroner i betaling frå Luftforsvaret og Heimevernet for utdanning av personell og 4 mill. kroner frå kap 1725 til dekking av langtidslagring av stasjonære kystartillerianlegg.

### *Kap 1733 Luftforsvaret*

Posten er foreslått auka med 120,3 mill. kroner. Auken skuldast i hovudsak at 100 mill. kroner er omdisponert frå investeringkapitlet for innkjøp av flydrivstoff og 69 mill. kroner gjeld ny berekning husleige Forsvarsbygg. Samtidig er kapitlet redusert med 17 mil kroner i samband med brukarbetaling til Akershus/kommandantskap/Regional støttefunksjon, 9 mill. for finansiering av meirkostnader anti-terror tiltak og 8 mill. kroner som er omdisponert til Sjøforsvaret i samband med finansiering av rekruttutdanning.

### *Kap 1734 Heimevernet*

Posten er foreslått auka med 9,4 mill. kroner som i hovudsak skuldast finansiering av meirkostnader i samband med antiterror-tiltak.

### *Kap 1760 Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg*

Posten er foreslått auka med 127,4 mill. kroner. Auken skuldast i hovudsak kostnader til gjennomføring av program GOLF som er flytta frå post 45.

### *Kap 1790 Kystvakta*

Posten er foreslått auka med 12,1 mill. kroner til dekking av meirutgifter ved at ein grunna mva-reformen må betale meirverdiavgift ved leige av kystvaktfartøy.

### *Kap 1791 Redningshelikoptertenesta*

Posten er foreslått auka med 9,8 millioner kroner på post 01 for generell og naudsynt styrking av tenesten i henhold til oppdragsmengden.

### *Kap 1792 Norske styrkar i utlandet*

Posten er foreslått auka med 155,3 mill. kroner grunna refusjonar frå FN av tidlegare oppdrag i Libanon. Midlane er naudsynte til dekking av utgifter i samband med oppdraget i Afghanistan.

### *Kap 1795 Kulturelle og allmenntyttige føremål*

Posten er foreslått auka med 12,5 mill. kroner grunna ny berekning av husleige til Forsvarsbygg og restfinansiering Forsvarets musikk.

#### *2.1.2 Post 21 Spesielle driftsutgifter*

Posten er foreslått auka med 14,3 mill. kroner grunna auka driftsbehov over Forsvarets etterretningsteneste. FO/E har i tillegg fått øyremerka 160 mill. kroner til naudsynte investeringar over kap 1760, post 45 for å bringe FO/E opp i naudsynt moderne standard. Midlane er føresett tilbakeført planlagte, ordinære materiellprosjekt over tid iht FSJens produksjonsplan.

#### *2.1.3 Post 43 Til disposisjon for Forsvarsdepartementet*

Posten er foreslått redusert med 10 mill. kroner. Løyvinga representerer ein reserve for Forsvarsdepartementet som vert foreslått nytta til dekking av ymse meirbehov.

#### *2.1.4 Post 44 Fellesfinansierte bygg- og anleggsarbeid, nasjonalfinansiert del*

Posten er redusert med 50 mill. kroner for delvis finansiering av meirutgifter i samband med ny berekning av den husleiga Forsvarsbygg fakturerer avdelingane for.

#### *2.1.5 Post 45 Store nyskaffingar*

Posten er foreslått redusert med 226,8 mill. kroner. Hovudendringar:

- Posten er auka med 31 mill. kroner frå kap 4760, post 45 Driftsinntekter.
- Posten er redusert med 123 mill. kroner som er omdisponert til kap 1760, post 01 og gjeld gjennomføringskostnader ProgramGOLF.
- Posten er redusert med 135 mill. kroner som er tilført hhv Luftforsvaret (100 mill) og Sjøforsvaret (35 mill.) og gjeld innkjøp til drivstofflagre.

### 2.1.6 Post 47 Nye bygg og anlegg

Postane er foreslått redusert med 19,3 mill. kroner. Reduksjonen kjem fram gjennom ein reduksjon på 49 mill. kroner for delvis finansiering av meirutgifter i samband med ny berekning av husleiga til Forsvarsbygg samtidig med at posten er tilført ei meirinntekt på 30 mill. kroner frå kap 4760.

### 2.1.7 Post 48 Fellesfinansierte bygg- og anleggsarbeid

Posten er foreslått redusert med 125 mill. kroner. Reduksjonen skuldast i hovudsak at framdrifta på SINDRE II lufradarsystem og autorisering av ein del andre NATO-prosjekt er forseinka. Inntektssida på kap 4760 er tilsvarande redusert.

### 2.1.8 Post 50 Overføring til Statens pensjonskasse

Posten er foreslått auka med 54 mill. kroner i samband med avgangsstimulerande tiltak.

### 2.1.9 Post 51 Tilskott til Forsvarets forskingsinstitutt

Posten er foreslått auka med 0,444 mill. kroner i samband med ein feilaktig reduksjon i omgrupperinga for 2001.

### 2.1.10 Post 90 Lån til private

Posten er redusert med 1 mill. kroner grunna prognostiserte mindretgifter på låneordninga.

### 2.1.11 Post 75 Fellesfinansierte bygg- og anleggsarbeid

Posten er redusert med 65 mill. kroner for delvis finansiering av meirutgifter i samband med ny berekning av husleige til Forsvarsbygg.

## 2.2 Inntekter

Det er registrert netto meirinntekter på 112,543 mill. kroner.

### 2.2.1 Post 01 Driftsinntekter

Posten er auka med 175,6 mill. kroner. Auka gjeld 155,3 mill. kroner i refusjon frå FN for tidlegare

oppdrag m.a. i Libanon. Vidare er det registrert ei meirinntekt på 20,3 mill. kroner på kap 4725 som i hovudsak gjeld refusjonar frå NATO, meirinntekter på voksenopplæring og inntekter oppdrag gjort på Institutt for Forsvarsstudier.

### 2.2.3 Post 45 Store nyskaffingar – inntekter

Posten er auka med 31,2 mill. kroner aom gjeld inntekter etter tilbakebetaling frå Frankrike i samband med terminering av prosjekt Autonome panserbekjempingsvåpen og inntekter FISBASIS frå eksterne kundar og meirinntekter frå Kystdirektoratet.

### 2.2.4 Post 47 Sal av eigedom

Posten er redusert med 20 mill. kroner som følge av at takta i arbeidet med utrangering av EBA har vore lågare enn planlagd. Det har og vorte brukt noko lengre tid enn planlagd på delar av sjølve salsarbeidet for å oppnå høgast mogeleg pris på eigedomane. Kapittel 1760 post 47 er vorte tilsvarande redusert.

### 2.2.5 Post 48 Fellesfinansierte bygg- og anleggsinntekter

Posten er foreslått redusert med 125 mill. kroner. Reduksjonen skuldast i hovudsak at framdrifta på SINDRE II lufradarsystem og autorisering av ein del andre NATO-prosjekt er forseinka. Utgiftssida på kap 1760 er tilsvarande redusert.

### 2.2.6 Post 49 Sal av bustader

Posten er auka med 49,364 mill. kroner. Takta i arbeidet med utrangering har vorte høgare enn planlagd. Av di bustader mange stader vert selde etter kort tid på grunn av salsmarknaden, kjem og inntektene raskare enn planlagd. Kapittel 1760 post 47 er auka tilsvarande.

### 2.2.7 Post 70 Renter låneordningen

Posten er auka med 0,475 mill. kroner grunna høgare renteinntekter på låneordninga enn forutsett.

### 2.2.8 Post 90 Lån til boligformål

Posten er auka med 0,873 mill. kroner grunna høgare innfringstakt enn forutsett på lån gjevne til boligforemål.

### 3 Bestillingsfullmakter

---

#### *Kap 1731 Hæren*

Bestillingsfullmakter på post 01 vert foreslått auka med 20 mill. kroner til 702 mill. kroner. Dette skuldast at det vil bli inngått ein ammunisjonskontrakt NAMMO på blyfri ammunisjon.

#### *Kap 1733 Luftforsvaret*

Bestillingsfullmakter på post 01 vert foreslått auka med 510 mill. kroner til totalt 1 494 mill. kroner på grunn av auka leveringstid og prisstigning på ei rekkje materiellkategoriar, samt gjenoppbygging av reservedels-, drivstoff- og ammunisjonslager.

#### *Kap 1790 Kystvakta*

Bestillingsfullmakter på post 01 vert foreslått auka med 13 mill. kroner til totalt 38 mill. kroner som skuldast auka leveringstid og prisstigning på ei rekkje materiellkategoriar, samt gjenoppbygging av reservedels- og drivstofflager.

#### *Kap 1791 Redningshelikoptertjenesten*

Bestillingsfullmakter på post 01 vert foreslått auka med 30 mill. kroner til totalt 64 mill. kroner som skuldast auka leveringstid og prisstigning på ei rekkje materiellkategoriar.

### 4 Informasjonssaker

---

#### **4.1 Tiltak for å hindre misbruk av Heimevernet sine våpen lagra i heimen**

Saka er tidlegare framlagt for Stortinget ved St.prp. nr. 55 (2001–2002) og Innst. S. nr. 232 (2001–2002), der forslaget om å iverksette innføring av kammerlåsar på HV-våpen i private heimar ikkje vart godteke. Arbeidet med å gå gjennom rutinane for klaring av personell for å sikre betre kontroll av dugleiken, er iverksett slik Stortinget har forutsett. Sett i lys av den siste skyteepisoden, komiteens spørsmål om saken, og ein ny gjennomgang av dei ulike sikringsalternativa, ser regjeringa det som naudsynt å fremje forslag om strakstiltak og om betre fysisk sikring av HV-våpena.

Forsvarsdepartementet har på bakgrunn av ein fagleg vurdering frå Forsvarets overkommando kome fram til at det er to tiltak som peiker seg ut til å gi nær 100% sikring mot misbruk: enten sentral lag-

ring eller investering i ein mekanisk sikring, dvs kammerlås til alle våpen. Sentral lagring medfører store investerings- og driftskostnader og vil neppe vera mogeleg å gjennomføra på kortare tid enn fem år. Konsekvensane for reaksjonstid og beredskap, samt ved eventuelt innbrot i eller sabotasje mot dei sentrale lagra, kan være kritiske ved å iverksette dette tiltaket. Dette vært derfor ikkje anbefalt.

Ei innføring av kammerlåsar vil reint operativt få små konsekvensar. HV-mannskapa møter på sine objekt eller samlingsstader og får der fjerna låsane i løpet av få minutt. Dersom ein krise eller konfliktsituasjon utviklar seg over tid, vil den enkelte soldat eller befalingsmann kunna få nøkkelen til eige våpen utlevert og då ha optimal beredskap. Økonomisk sett vil innføring av kammerlåsar krevje investeringar på 50–70 mill. kroner, noko som kan dekkjast innanfor eksisterande investeringsrammer for HV. Dette tiltaket kan gjennomførast innanfor ei tidsramme på to-tre år.

Som strakstiltak foreslår Forsvarsdepartementet å iverksette inndraging av tennstemplet, som er ein del av sluttstykket. Dette er i tråd med anbefaling frå forsvarssjefen. Operativt sett vil dette vera ein akseptabel løysning, då tennstemplet ikkje er tilpassa det enkelte våpen, slik som sluttstykket er. Ein klargjering av avdelingar for å løyse gitte oppdrag, vil såleis gå langt raskare enn om heile sluttstykket vart inndrege. På objekta eller samlingsstadene får mannskapet utlevert tennstemplet, og om ein konflikt eller krise oppstår over tid, kan den enkelte soldat eller det enkelte befall få utlevert tennstemplet og då ha optimal beredskap – ut over dette gjeld same rutiner som for nøkkel til kammerlås.

Inndraging av tennstempel vil ikkje gje like god sikring som innføring av kammerlåsar då det er mogeleg å skaffe nye stempel. Dette vil difor i fyrste rekkje ha virkning mot effekttdrap. FD anser difor dette som ei midlertidig løysing. Ei innlevering av tennstemplet kan gjennomførast i løpet av ein månad, utan større kostnader. Ei eventuell inndraging av heile sluttstykket vil krevje meir tid og ressursar då dette må gjerast ved personleg oppmøte.

Forsvarsdepartementet har vurdert konsekvensen av tiltaka opp mot Genève-konvensjonen om krigens folkerett (uvæpna personell i uniform) og i tillegg om tiltaka vil krevje ei lovendring av Heimevernslovens § 26. Konklusjonen er at uniformert personell som opptre uvæpna, ikkje er eit problem i forhold til folkeretten (og i forhold til dei fire Genève-konvensjonane av 1949 med to tilleggs-protokollar av 1977). Tiltaka vil heller ikkje medføre behov for lovendring av HV-lovens § 26.

Om endringar i løyvingar mv. i forsvarsbudsjettet for 2002

Forsvarsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i løyvingar mv. i forsvarsbudsjettet for 2002.

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i løyvingar mv. i forsvarsbudsjettet for 2002 i samsvaret med eit vedlagt forslag.

## Forslag til vedtak om endringar i løyvingar mv. i forsvarsbudsjettet for 2002

I

I statsbudsjettet for 2002 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap	Post	Formål	Kroner
1700		Forsvarsdepartementet	
	01	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 144 658 000 til kr 152 458 000	7 800 000
1719		Fellesutgifter under Forsvarsdepartementet	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med ..... frå kr 47 826 000 til kr 42 826 000	5 000 000
	43	Til disposisjon for FD, vert redusert med ..... frå kr 10 000 000 til kr 0	10 000 000
	51	Tilskudd til Forsvarets forskningsinstitutt, vert auka med ..... frå kr 160 458 000 til kr 160 902 000	444 000
1720		Felles leing og kommandoapparat	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med ..... frå kr 1 124 306 000 til kr 1 079 092 000	45 214 000
1723		Sikkerhetstenesten	
	01	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 58 750 000 til kr 71 029 000	12 279 000
1725		Fellesinstitusjonar og utgifter under Forsvarets overkommando	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med ..... frå kr 2 294 604 000 til kr 2 236 875 000	57 729 000



Kap	Post	Formål	Kroner
	50	Overføringar til statsinstitusjonar, kan overførast, vert auka med ..... frå kr 66 069 000 til kr 120 069 000	54 000 000
	90	Lån til private, kan overførast, vert redusert med ..... frå kr 1 000 000 til kr 0	1 000 000
1731		Hæren	
	01	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå 4 466 198 000 til kr 4 524 665 000	58 467 000
1732		Sjøforsvaret	
	01	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 2 746 113 000 til kr 2 851 334 000	105 221 000
1733		Luftforsvaret	
	01	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 3 949 273 000 til kr 4 069 611 000	120 338 000
1734		Heimevernet	
	01	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 797 375 000 til kr 806 821 000	9 446 000
1735		Forsvarets etterretningsteneste	
	21	Spesielle driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 600 539 000 til kr 614 879 000	14 340 000
1760		Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg	
	01	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 620 393 000 til kr 747 793 000	127 400 000
	44	Fellesfinansierte bygg- og anleggsarbeid, nasjonalfinansiert del, kan overførast, kan nyttast under kap. 1760, post 44, vert redusert med ..... frå kr 147 000 000 til kr 97 000 000	50 000 000
	45	Større utstyrskaffingar, kan overførast, vert redusert med ..... frå kr 6 873 455 000 til kr 6 646 649 000	226 806 000
	47	Nye bygg og anlegg, kan overførast, kan nyttast under kap. 1760 postane 11 og 44, vert auka med ..... frå kr 1 819 748 000 til kr 1 825 497 000	5 749 000
	48	Fellesfinansierte bygg- og anleggsarbeid, fellesfinansiert del, kan overførast vert redusert med ..... frå kr 270 443 000 til kr 145 443 000	125 000 000
	75	Fellesfinansierte bygg- og anleggsarbeid, Noregs tilskot til infrastrukturprogrammet i NATO, kan overførast, kan nyttast under kap. 1760, post 44, vert redusert med ..... frå kr 180 000 000 til kr 115 000 000	65 000 000
1790		Kystvakta	
	01	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 626 128 000 til kr 638 249 000	12 121 000
1791		Redningstenesta	
	01	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 221 896 000 til kr 231 729 000	9 833 000
1792		Norske styrkar i utlandet	
	01	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 1 918 563 000 til kr 2 073 878 000	155 315 000
1795		Kulturelle og allmennyttige formål	
	01	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 127 257 000 til kr 139 774 000	12 517 000
	47	Nye bygg og anlegg, kan overførast, vert redusert med ..... frå kr 25 000 000 til kr 0	25 000 000

Om endringar i løyvingar mv. i forsvarsbudsjettet for 2002

## Inntekter:

Kap	Post	Formål	Kroner
4725		Felles leiging og kommandoapparat	
	01	Driftsinntekter, vert auka med ..... frå kr 83 956 000 til kr 104 278 000	20 322 000
	70	Renter låneordning, vert auka med ..... frå kr 1 965 000 til kr 2 440 000	475 000
	90	Lån til boligformål, vert auka med ..... frå kr 4 527 000 til kr 5 400 000	873 000
4760		Nyskaffingar av materiell og nye bygg og anlegg	
	45	Store nyskaffingar, vert løyvd ..... frå kr 0 til kr 31 194 000	31 194 000
	47	Sal av eigedom, vert redusert med ..... frå kr 80 000 000 til kr 60 000 000	20 000 000
	48	Fellesfinansierte bygg- og anleggsinntekter, vert redusert med ..... frå kr 270 000 000 til kr 145 000 000	125 000 000
	49	Sal av bustader, vert auka med ..... frå kr 20 636 000 til kr 70 000 000	49 364 000
4792		Norske styrker i utlandet	
	01	Driftsinntekter, vert auka med ..... frå kr 0 til kr 115 315 000	155 315 000

## II

## Bestillingsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Forsvarsdepartementet kan endre bestillingsfullmaktene slik:

Kap 1731, post 01 vert foreslått auka med ..... frå kr 682 000 000 til kr 702 000 000	20 000 000
Kap 1733, post 01 vert foreslått auka med ..... frå kr 984 000 000 til kr 1 494 000 000	510 000 000
Kap 1790, post 01 vert foreslått auka med ..... frå kr 25 000 000 til kr 38 000 000	13 000 000
Kap 1791, post 01 vert foreslått auka med ..... frå kr 34 000 000 til kr 64 000 000	30 000 000

## III

## Investering:

Stortinget samtykkjer i at det vert innført kammerlåsar til HV-våpna lagra i heimen.

=====